

Språkåret 2013

Hamar dialekt- og mållag

Arrangementa er i regi av Hamar dialekt- og mållag,
men er OPNE FOR ALLE uavhengig av målform eller politisk ståstad.
Dei er ei inkluderande markering og feiring av det språklege mangfaldet i Noreg.

Takk til Høgskolen i Hedmark som låner bort lokalet til dette arrangementet!
Takk til Språkåret 2013 og Austmannalaget for økonomisk støtte!

Aud Søyland

Kurs i den nye nynorskrettskrivinga

Aud Søyland frå Språkrådet held føredrag om den nye rettskrivingsreforma. Aud Søyland er til vanleg frilans omsetjar, språkrettar og ordlisteredaktør, men var tilsett i Språkrådet frå 2010 til 2011 som sekretær for nemnda som laga ny nynorsk rettskriving. Etter at rettskrivinga tok til å gjelde 1.8.2012, vart ho engasjert av Språkrådet for å halde kurs om den nye rettskrivinga for lærarar og offentleg tilsette. Så langt har ho halde kurs om den nye rettskrivinga for 1400 lærarar.

Frå 2000 har Søyland vore redaktør for *Nynorsk ordliste*, fram til 2012 saman med Kåre Skadberg, no saman med Margunn Rauset.

Vidare har ho gitt ut *Praktisk nynorsk for lærarstudentar* saman med Olaf Almenningen.

Dette er blir ei svært relevant førelesing for nordiskstudentar, lærarstudentar, lærarar og offentleg tilsette, men også for alle andre som har eit ønskje om å bruke den nye nynorskrettskrivinga eller reflektere over språknormering.

Auditorium 3

Campus Hamar

Tysdag, 12.3.2013

kl. 9.15-12

Gratis

Meld deg inn i Hamar dialekt- og mållag! Send SMS med «nynorsk» til 2490! (Kr. 200.- for 2013)